

# LYKLING SOKNERÅD

## Årsmelding 2017

### Lykling sokneråd si samansetjing i 2017:

|                           |                          |
|---------------------------|--------------------------|
| Torunn Tveita             | leiar                    |
| Roald Magne Stautland     | nestleiar                |
| Sissel Steinsland Gåsland | kasserar                 |
| Margunn Ersland           | sekretær                 |
| Elisabeth Diane Bjørnevik | styremedlem              |
| Leif Steinar Sakseide     | styremedlem              |
| Roald Drønen              | styremedlem/sokneprest   |
| Hildegunn Sortland Våge   | 1.varamedlem, møter fast |
| Alfhild Hestenes          | 2.varamedlem, møter fast |

### Andre verv og nemnder:

#### Representantar til Bømlo kyrkjelege fellesråd

Roald Magne Stautland  
Elisabeth Diane Bjørnevik  
1.varamann: Sissel S. Gåsland  
2.varamann: Leif Steinar Sakseide

#### Diakonikontakt:

Elisabeth Diane Bjørnevik/ Hildegunn Sortland Våge

#### Kirkens Nødhjelp - kontakt:

Alfhild Hestenes

#### Ansvar for kyrkjevertar/forsongarar:

Hildegunn Sortland Våge

#### Kyrkjemusikkontakt:

Leif Steinar Sakseide

#### Kyrkjeskyss:

Gunhild Pedersen

#### Konfirmentarbeid/Kimen:

Elisabeth Diane Bjørnevik  
Sissel S. Gåsland  
Christian Kallevåg-Bjerke

#### Bibellagskontakt:

Alfhild Hestenes

#### Estlandskomiteen:

Anne Grete Espevik

#### Lokalt trusopplæringsutval:

Liv Merethe F. Pedersen  
Roald Magne Stautland  
Torunn Tveita  
Sissel Steinsland Gåsland  
Arild Selle  
Anne Grethe Espevik

**Besøksteneste på Bømlo sjukeheim ca ein gong i månaden.** Frå Lykling sokn har desse vore med: Liv Sakseide, Gunvor Stautland, Ingebjørg Ersland og Hildegunn Sortland Våge

**Ansvar for kyrkjeaffi:** Leif Steinar Sakseide, Emma Løkling, Jane Løkling, Kari Steinsvåg

## **SOKNERÅDSARBEIDET**

- I 2017 har Lykling Sokneråd hatt 8 møte og handsama 53 saker.
- Soknerådet har ansvar for budsjett, rekneskap og årsmelding. Dette vart lagt fram og førebels godkjent av soknerådet på møtet 07.03.2017
- Soknerådet har ansvar for tildeling av offer ved gudstenestene.
- Soknerådet er gjort kjent med revisjon av utleigereglement for kyrkjene i Bømlo gjeldande frå 01.05.2017.
- Soknerådet har gitt uttale til «Høring om fremtidens kirke».
- Jenny Frimannslund gjer godt arbeid som PC-ansvarleg. Me svært glade for å ha ho der.
- Leif Steinar Sakseide har ordna med Vipps slik at me kan ofra med mobilen.

## **Konfirmantarbeid**

- Den 30.april arrangerte me konfirmantfest i Finnås bedehus. Konfirmantforeldre frå året før hjelper til med mat og servering.
- Soknerådet har ansvar for miljøtiltak for konfirmant har ane. Dei har bestemt at dette arbeidet vert arrangert gjennom "Kimen". Det har vore 5 Kimensamlingar gjennom konfirmanttida. Soknerådet har og støtta "Kimen" økonomisk.
- I samarbeid med konfirmantane gjennomførte soknerådet Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon før påske med fint resultat. Dette er ein del av opplegget deira.
- Konfirmantane starta konfirmantåret ombord på "Statsraad Lemkuhl". Ein vellukka og kjekk tur.

## **TOL- tiltak**

- I år var det filmkveld for 7-åringar i Lykling kyrkje 17.01.
- Tårnagenthelg for 9-åringar i soknet vårt var i år 01.og 02.04. Det var fin oppslutning, og ei vellukka helg.
- Ein del av 8-åringane frå Bømlo var dette året på Lykling på «Aktivitetsdag»/«Myldredag» 27.10.
- Utdeling av kyrkjebok til 4-åringane er fin tradisjon i Lykling. Mange gode tilbakemeldingar etter gudstenesta i år, spesielt etter dramatisering av teksten for dagen.
- 6-åringane fekk utdelt barnebibel på gudstenesta 27.08.
- Kyrkjelydspedagog Liv Merete hadde i år ansvar for markering av 10-års dåpsdag 25.10.
- «Krøllekveld» for dei minste vart gjennomført hos oss 12.09.
- Babysang starta opp i Lykling kyrkje måndag 25.09.2017
- "Lys vaken"- arrangement for 5.klassingane i soknet var dette året lagt til 17.-18.11. og 19.11. Kyrkjelydspedagog Liv Merete F. Pedersen hadde ansvar for dette arrangementet saman med soknepresten vår, Roald Drønen.
- I tillegg til desse har det vore to Myldrekveldar, ein på våren, 30.05. og ein på hausten, 15.11.

Desse tiltaka er ein del av satsingsområdet i den nye trusopplæringsreforma, og me ønskjer at dei skal halda fram som gode tradisjonar her i Lykling.

Soknerådet vil takka kyrkjelydspedagog Liv Merete F. Pedersen som har ansvar for TOL-tiltaka i kyrkja vår, og frivillige hjelparar som har stilt opp på fleire av TOL-arrangementa.

### **Spesielle gudstenester og temakveldar**

- Soknerådet hadde medansvar ved gudstenesta i Moster Amfi i pinsehelga.
- 11.juni arrangerte me friluftsgudsteneste i Helvik i samarbeid med Sverre Leon Larsen, koret «Glimrah» og turlaget. Dagen fekk som tema «Skaperverkets dag».
- Me hadde ansvar for Kanaldagsgudstenesta 03. september.
- Godt samarbeid med Våge skule om skulegudsteneste 06.12.
- Fine temakveldar både vår og haust. 23.02. «Djup jord» ved Synnøve Øvstebø Tvedten og Ole Andre Krukhaug, 16.03. «Den meningslause lidinga» ved Per Hjemdal og 26.04. « Det høgtidelege og det kvardagslege i språket – korleis blir det til?» ved Sylvfest Lomheim. 06.09.»Heilag og Alminneleg» ved Oskar Stein Bjørlykke, 04.10. «Glad song-kveld» ved Svanhilds orkester og 08.11.«Mellom himmel og jord», samtale mellom Brynjar Stautland og Roald Drønen.
- Felles samling for 50-årsjubilantane i Lykling og Bremnes 10.06.

### **Song og musikk:**

Ordninga med forsongargrupper fungerer bra , men me kunne gjerne hatt fleire med oss.

Kantoren vår, Jostein Molde, har ei god hand om ”Påskesong” palmesundag, song/salmekveldar og ”Vi syng jula inn”.

Musikkarrangement:

- Påskesongen palmesundag vart gjennomført etter same opplegg som før.
- «Glad song-kveld» ved Svanhilds orkester 04.10.
- Me syng jula inn 10.desember med skulekorpset og solistar på ulike instrument, Lydius og kor frå Bømlo Folkehøgskule.

Takk til Hildegunn som har planta fint i urna ved minnelunden og ved inngangen.

### **Investeringsønske for 2015-2018.**

- Oppgradering av bårehuset er nå fullført.
- Fiksa vannposten, oppgradera miljøstasjonen og oppfylling av gravplassen er nå større prosjekt som står igjen.

**Økonomi: Det vert vist til rekneskapen.**

**Statistikk utarbeidd av soknepresten ligg ved.**

**Soknerådet vil takka alle trufaste medarbeidarar for innsatsen i 2017.**

Torunn Tveita, leiar

Sissel Steinsland Gåsland, kasserar

Margunn Ersland, sekretær